

**Ber om utsett arbeidsfrist**

16.11.2012

**Lars Haugland arbeider med eit større prosjekt som han har fått SMIL-midlar til og som hadde frist for ferdigstilling 30. juni i år.**

**Men det er opna for utsetjing i 2 år og no har han søkt om det for å få prosjektet ferdig. Det omfattar 600 meter gjerde og rydding av 30 dekar beite.**

Arbeidet er godt igang, Det er sett opp 300 meter gjerde og rydda over halvparten av lauvskogen. Sidan dei tar ut og brukar eigen brakestaur til gjerde tek det lenger tid enn planlagt.

Til beiteryddinga vert traktorvinsj nytta og det krev spesielle vertilhøve dersom veden og marka skal sjå bra ut etterpå. Og det er meir ved og meir arbeid enn dei trudde då dei sette igang, konstaterar Haugland i søknaden til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen